



Møre og Romsdal fylke



Kommunane i Møre og Romsdal fylke

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FM: 2007/2911/INBR/	Ingbjørn Bredeli, 71258541	03.10.2007

Paintball-skyting - saksbehandling i kommunane

Møre og Romsdal fylke har fått spørsmål om korleis vi ser på paintball-skyting i høve til plan- og bygningsloven (PBL), viltloven, friluftsløven og anna lovverk. Då vi ser at aktiviteten har eit stort omfang og all den tid aktiviteten ser ut til å auke også i vårt fylke (den mest hurtigveksande ekstremsporten i landet?), ønskjer vi å informere alle kommunar om temaet.

Slik vi oppfattar det er paintball ein avansert form for "cowboy og indianar". I staden for krutlappistol eller pil & boge nyttar ein paintball-våpen som er dreve av komprimert CO₂ eller luft og som skyt ut eit fargestoff med fart om lag 100 m/s. Utøvarane er ofte kamuflasjekledde og iført verneutstyr. Spelet skjer både ved innan- og utandørs leikekrigar. I denne samanheng er det utandørsaktiviteten, leikekrigen i skogen, vi ønskjer å gå inn på.

Vi registrerer at områda det blir leikekriga i har ulik grad av opparbeiding - slik som skogrydding, tau, flagg, gjerde, bygningar og liknande. Vi registrerer også at aktiviteten nokre stader går føre seg i permanente større anlegg med adgangsavgift og andre stader meir tilfeldig i urørt natur. Slik vi les plan- og bygningslov vil dei enklaste anlegga for "leikekrig" kunne behandlast som ein søknad om dispensasjon i eit landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i kommuneplanen etter § 93 med heimel i § 7. Vi meiner at dei banene vi kjenner til er å sjå på som anlegg som kjem inn under plan- og bygningsloven § 84, og at dei ikkje er i tråd med kategorien landbruks-, natur- og friluftsområde i arealdelen av kommuneplanen og derfor kan krevjast fjerna. Å tillate eit tiltak som dette etter § 85 (som midlertidig anlegg) vil etter vår erfaring fort føre til utfordringar i høve til anna bruk i eit LNF-område. Om ein ønskjer etablert eit større anlegg med avgifter og konkurransar, rår vi til at det blir utarbeidd reguleringsplan der arealet for leikekrig blir regulert som spesialområde.

Elles så ser vi at sjølv om det ikkje blir gjort noko som helst opparbeiding i terrenget som krev løyve etter plan- og bygningsloven, så er aktiviteten så spesiell at den likevel må regulerast. Med det meiner vi at etablering av paintball-område som minimum må behandlast som ei høyringssak med dei reglar som følgjer forvaltningsloven.

Når det gjeld aktiviteten "leikekrig" kan friluftsløven regulere aktiviteten. Friluftsløven § 13 som omhandlar ulovlege stengsler, seier noko om ikkje å leggje hindringar i vegen for ålmentas ferdselsrett. Grunneigar eller brukar kan ikkje ved stengsel eller på annan måte vanskeleggjere lovleg ferdsel - med mindre det tener "berettigede" interesser og ikkje er til "utilbørlig fortrengsel" for ferdselen. Ved bruk av § 13 må grunneigaren sine interesser og omsynet til ålmann ferdsel avvegast. Stengsler som er satt opp i strid med § 13, kan krevjast fjerna etter friluftsløven § 40. Elles seier friluftsløven § 11 noko om ferdselskultur og eigaren sin rett til bortvisning. Vi meiner at denne aktiviteten (leikekrig) går ut over den

rett til omsynsfull og varsam ferdsel som friluftsløven gir. Slik aktivitet må derfor skje i samråd med grunneigar, og aktivitetane må leggjast til eigna område der ein unngår ulemper for andre. Vi har fått merknader frå privatpersonar som er blitt forstyrre av "høglytte aggressive personar i fullt kamuflasjeutstyr med våpenliknande gjenstander i hånda".

Eit areal avsett til leikekrig treng ikkje ha store konsekvensar for viltet, men generelt kjem anlegg til dømes med gjerde ikkje unna vurderingar i høve til viltloven og viltet sine interesser. Både opparbeidinga av leikeområdet og bruken av plastkuler (gelatinkuler) kan også fort føre med seg forureining som bør vurderast opp mot forureiningsloven.

Konklusjon:

Møre og Romsdal fylke ser at det ved lokalt ønskje om paintball-skyting o.l. må avsetast område i kommunane til ulike former for leikekrig. Den beste måten å få fram dei rette områda til desse aktivitetane er å nytte plan- og bygningsloven. På denne måten får til dømes ålmentas friluftslivsbehov og viltets behov kome fram slik at ein får ein best mogleg plassering ut frå samfunnets totalinteresser. Ingen er tent med at oppleving og rekreasjon ute i naturen blir negativt påverka av aktivitetar som ikkje er forenlege med tradisjonelt enkelt friluftsliv. Omsynet spesielt til små barn på tur bør og vege tungt i denne vurderinga.

Med helsing

Trond Haukebø
Seksjonsleiar naturforvaltningsseksjonen

Ingbjørn Bredeli
Rådgivar

Kopi:

Forum for natur og friluftsliv i Møre og Romsdal, Romsdalsmuseet, 6414 MOLDE
FRIFO, Nedre Slottsgate 29 0157 Oslo

Nordmøre og Romsdal friluftsråd, v/Ingolf Mork, 6450 HJELSET

Ålesund og Omland friluftsråd, pb. 11, 6249 ØRSKOG

Ålesund-Sunnmøre Turistforening, Postboks 250, 6001 ÅLESUND

Molde og Romsdals Turistforening, Postboks 486 Sentrum, 6401 Molde

Kristiansund og Nordmøre Turistforening, Pb. 476, 6501 KRISTIANSUND

Den Norske Turistforening, Postboks 7 Sentrum, 0101 OSLO

Kommunenes sentralforbund, Julsundveien 9, 6412 MOLDE

Norges Jeger- og Fiskerforbund, avd. MoR, Romsdalsmuseet, 6414 MOLDE

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, v/ Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Møre og Romsdal Skogselskap, v/Jørn Kjersem, her

Møre og Romsdal 4H, v/Torill Sandnes, her

Møre og Romsdal Idrettskrets, Idrettsvn. 2, 6413 MOLDE

Møre og Romsdal Orienteringskrets, v/Arne Westad, Røysan 18 6412 Molde

Sunnmøre Speidarkrets, Parkgt. 14, 6003 ÅLESUND

Romsdal og Nordmøre krets av Norges Speiderforbund, Fjellbruveien 17, 6415 Molde

Direktoratet for Naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 TRONDHEIM